




# VINDAFJORDBRUKET



MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 2

september

2025

## PRODUKSJONSTILSKOT DEL 2 - HUGS SØKNADSRISTEN 15. OKTOBER

Teljedatoen er 1. oktober, og frå den dagen er det mogleg å sende inn søknaden. Etter at du har sendt inn søknaden (innan fristen 15. oktober) kan du inn og endre fram til 29. oktober. Når søknaden er sendt, er **det viktig at du hugsar å sjekke kvitteringa di i Altinn.** Ta alltid kontakt med kommunen dersom du er i tvil om noko.

## HUSDYRREGISTERET – har du hugsar å oppdatere før du søker tilskot?

Husdyrregisteret skal til ei kvar tid vere oppdatert. Me nyttar opplysningar frå Husdyrregisteret når me kontrollerer tal storfe på teljedato i søknaden. Der får me også opplysningar om mjølkekyr / ammekyr har kalva dei siste 15 månader før teljedato. Kasting vert ikkje rekna som kalving, og dersom kalven er dødfødt, må ein ved kontroll ha



Foto: Anne Karin Langeland

dokumentasjon, til dømes kvittering frå Biosirk.

## PLASTINNSAMLING HAUSTEN 2025

Gjeld kun rundballeplast og storsekk. Levering til dei faste plassane må skje tett opp til annonsert dato (annonse i Grannar og på heimesida til Gangstø Transport AS). Det er viktig at platen er rein for jord, streng, stein, netting og liknande.

## AVLØYSING VED SJKDOM OG FØDSEL – AUKA DAGSATS FRÅ 2025

Maksimal dagsats for tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel er auka frå 2450 til 2600 kroner pr. dag. Hugs å sende inn krav til NAV innan fristen på 3 månader, dersom du blir sjukemeld utover 16 dagar. Dagsatsen er no så høg at det kan svare seg å rekne på om det er noko å hente også etter dei 16 første dagane av sjukeperioden, sjølv om du får berekna høg sjukepengesats frå NAV.

Tabell 9.3 Foretakets maksimale dagsats

Tilskuddsgrunnlag:	Maksimal dagsats, kr.
kr. 5 000 – 12 000	862
kr. 12 001 – 18 000	1 253
kr. 18 001 – 24 000	1 677
kr. 24 001 – 30 000	2 100
kr. > 30 000	2 600

Som tabellen viser, varierer dagsatsen ut frå storleiken på det du maksimalt kan få i tilskot til avløyning ferie- og fritid. For å kunne få maksimal dagsats på 2600 kroner, må du ha ein maksimal refusjon for avløyning ferie og fritid 30 000 kroner eller meir. Ta kontakt med Sissel Lilleland tlf. 47 78 03 92 dersom du har spørsmål til ordninga.

## DISPENSASJON FOR Å SPRØYTE I KANTSONER, ÅKERHOLMAR OG I UTMARK

Det er i utgangspunktet ulovleg å sprøyte med plantevernmiddel i kantsoner, åkerholmar og i utmark, men dersom det likevel er nødvendig, kan du søkje kommunen om dispensasjon. Kommunen har fått delegert denne oppgåva frå Mattilsynet. Ta kontakt med oss, så hjelper me deg med søknaden. NB! Dersom du må sprøyte langs vassdrag, er det framleis Mattilsynet som gir dispensasjon.




Foto: Anne Karin Langeland

## GJØDSLINGSPLAN

### Frå og med 2026 gjeld desse krava:

Alle som disponerer og gjødslar meir enn 25 daa per år, skal ha gjødslingsplan. Dyrkar du potet eller grønsaker som krev mykje fosfor, må du ha gjødslingsplan om arealet er større enn 5 dekar.

Planen skal vere klar før vekstsesongen tek til. Den skal ha eit kart som viser arealinndelinga/skifta. For kvart skifte du disponerer skal planen ha opplysningar om:

- Utstrekning i dekar
- [Godkjende jordprøver](#) som ikkje er eldre enn 8 år (ikkje eldre enn 4 år viss du har fosforkrevjande vekstar eller fører rekneskap over fosforbalanse, eller 2 år viss du brukar avløpsslam)
- Forgrøde
- Kva vekstar som skal dyrkast i år
- Forventa avlingsnivå per dekar

- Gjødslingsbehov for nitrogen og fosfor per dekar
- Gjødselslag som skal brukast
- Planlagt tilførsel av fosfor- og nitrogen per dekar oppgitt i kilogram (kg)

Når ein skal rekne ut gjødslingsbehovet og velje gjødselslag, skal ein ta utgangspunkt i jordprøvene, forgrøden, type vekst og forventa avlingsnivå.

Det må gå fram av gjødslingsplanen korleis eit eventuelt overskot av husdyrgjødsel, skal handterast.

Om det skjer endringar i løpet av vekstsesongen, skal planen oppdaterast. Har du ei enkel drift med lite endring frå år til år, kan du få løyve til å ha fleirårig gjødselplan.

## GJØDSELJOURNAL

**Alle som bruker gjødselvarer skal føre gjødseljournal frå og med 2026.** Den skal kunne leggast fram for kontroll seinast 1. november det året gjødslinga er gjennomført. Gjødseljournalen skal vise:

- kor og når det er gjødsla,
- kva for type og mengde gjødsel som er brukt
- kor mykje fosfor og nitrogen som er tilført kvart areal
- og kor mykje total-nitrogen og total-fosfor som er påført.

## PLANTEVERNJOURNAL

Du må føre journal over bruk av plantevernmidlar. Dersom du leiger andre til å sprøyte, må du syte for at dei du leiger noterer tidspunkt, mengd, type middel og kvar dei har sprøytta, slik at du kan føre journal.

## MINIMUM 2 METER BREI KANTSONE MOT VASSDRAG

Det er svært viktig å ta vare på kantsona langs vassdrag, og den skal vere **minimum 2 meter brei (horisontal) der det er dyrka jord. Der skal det ikkje pløyast, spreiaast eller sprøytast. Dette er eit minimumskrav for å i det heile tatt få arealtilskot på dei omsøkte areala.**

## REGIONALT MILJØTILSKOT OG UGJØDSLÅ KANTSONE

Dersom ein i tillegg set av ei 4 meter brei ugjødsle kantsona på dyrka areal, kan ein få ekstra tilskot. Denne kantsona skal haustast, men ikkje gjødselast eller sprøytast.

## OMDISPONERING FRÅ SKOG TIL INNMARKSBEITE

Det er plikt til nyplanting av barskog innan 3 år etter hogst. Dersom du, i staden for, vil ta arealet i aktiv bruk til innmarksbeite, fell denne foryngingsplikta bort når arealet er ferdig godkjent som innmarksbeite i gardskartet. Arealet må ha minst 50% beitegrasartar og urter før det kan godkjennast som innmarksbeite. Vanleg utmarksbeiting i skogen er ikkje søknadspliktig, dersom det ikkje inkluderer grøfting, planering, fjerning av stein eller andre tiltak. Ved beiting på skogsareal, utan at arealet vert gjort om til innmarksbeite, er det framleis krav til nyplanting.

Vindafjord kommune mottar jamt og trutt søknadar om nydyrking. I snitt siste åra 15-20 stk. Ikkje alle blir fullført, men det er unntaket. Normalt krev kommunen at tiltaket skal vera ferdig innan 5 år. Rekk ein ikkje dette må ein søkje om utsett frist og grunngje søknaden godt.

## FJERNING AV KANTVEGETASJON LANGS VASSDRAG

Det er ikkje lov å fjerne naturleg kantvegetasjon langs vassdrag. Naturleg vegetasjon gjer elva meir eigna som levested for fisk og andre organismar. Vegetasjon vil redusere avrenning av næring og jord frå landbruksareal. Ved behov for fjerning av kantvegetasjon må ein sende inn søknad til Statsforvaltaren om dispensasjon. Det kan vere lov med noko skjøtsel i kantvegetasjonen, dersom det er viktig for å unngå utrasing av murar eller anna. Spør kommunen om råd. Du kan òg lese meir i rettleiar frå NVE. Ved nydyrking må du setje att 6 meter brei vegetasjonssone der det er årssikker vassføring.

## TILSKOT TIL SKOGKULTUR – SØKNADSFRISTER

Om du har gjennomført skogplanting eller supplering, må kommunen ha mottatt søknaden din om tilskot innan **25. november**. Send derfor søknaden om tilskot til skogkultur så snart du har mottatt fakturaen, ev. etterspør fakturaen om tida begynner å bli knapp. Meir om tilskotet finn du her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk/ordninger-for-skogbruk/tilskudd-til-tettere-skogplanting-som-klimateiltak>

Du kan og kontakte kommunen. Faktura og kart skal følge søknaden. Søknad om tilskot til andre skogkulturtiltak, som t.d. ungsogpleie, bær og leverast innan **25.11.**, for at vi skal klare å registrere/handsame søknadane før fristen **30.11.25**.

## SKOGFOND MED SKATTEFORDEL

Det er gode tilskotsordningar for investering i ny skog, t.d. planting, supplering og ungsogpleie. I tillegg til tilskotet kan du bruke skogfondet ditt til investeringa og få skattefritak på 85% av beløpet du bruker. Skogfond med skattefordel kan og nyttast ved bygging/ombygging av landbruksvegar med skoginteresser. Ta kontakt med kommunen for meir info eller les meir på <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk>



Foto: Anne Karin Langeland

## PLANTING 2026

Dersom du planlegg planting i 2026, kan det vere lurt å tenke på plantebestilling alt nå – viss ikkje du alt har gjort avtale. Her i området er proveniensar frå Hartz mykje brukt. Kaupanger kan vere aktuell over 300 moh.

Om du ønskjer å plante framande treslag, må du sende søknad til Statsforvaltaren. Dette gjeld og for juletre.

Sakshandsamingstida har vore fleire månadar, så det er lurt å sende søknaden i god tid før plantesesongen begynner.

## UNGSKOGPLEIE

Når ny forynging er etablert på ei hogstflate, er det viktig å halde kontroll på konkurrerande vegetasjon. Planter som vert ståande for lenge under lauvkratt eller annan vegetasjon, vil begynne å sture, ev. få skadar på toppskot/greiner eller i verste fall døy. **Produksjonstapet i den tida dei står undertrykte vil aldri takast igjen og tida fram til trea vert hogstmodne vert forlenga.** Det er derfor svært viktig å følge opp plantefelta med ungsogpleie i rett tid. Det er eit stort etterslep på ungsogpleie i kommunen.

## PROSJEKT SKOGKULTUR 2022-2026

Vindafjord kommune har saman med Tysvær og Haugesund kommunar fått tilskot frå Statsforvaltaren til eit prosjekt med fokus på ungsogpleie og planting. Gjennom prosjektet skal skogeigarar få eit gratis tilbod om nøytral rettleiing med mål om å auke aktiviteten innan skogkultur. Prosjektet starta 1.april 2022 og varer ut 2026.

Prosjektleiari er Per Helle, mob. 99417633, [perh@skogkurs.no](mailto:perh@skogkurs.no). Han er Skogkursinstruktør og busett på Haugalandet. Ta gjerne kontakt!

## FERDIG BYGDE LANDBRUKSVEGAR

Hugs å melde frå til kommunen når landbruksvegen du fekk byggeløyve på er ferdig bygd.

## KURSTILBOD FRÅ SKOGKURS

I tillegg til praktiske kurs tilbyr og Skogkurs (tidl. Skogbrukets kursinstitutt) ei rad kurs som kan takast heimafrå på nett. Kursavgifta for skogrelaterte kurs kan dekkast med skogfond med skattefordel.

## JAKT PÅ HJORT OG RÅDYR

Jakta på hjort og rådyr er i gang. Jakttida for hjort er frå 01.09. t.o.m. 23.12. For rådyr vart det opna for bukkejakt frå 10.08., mens den generelle jakttida for rådyr er 25.09.-23.12.

## DIGITAL SØKNADSLØYSING FOR NYDYR KING

**Frå 2025** er det innført ei digital søknadsløysing for nydyrking via Altinn. Dersom du treng hjelp med den digitale løysinga, kan du ta kontakt med kommunen. Hugs å søkje i god tid før du set i gang med tiltaket. Du må ha godkjenning av kommunen før du kan starte arbeidet.

Når kommunen har mottatt søknaden, sjekkar me opplysningane du har sendt inn. Viss det er behov for meir informasjon, ber me om dette.

Når du har fått godkjent plan for nydyrking, kan kommunen føre tilsyn med at du overheld planen.



Foto: Anne Karin Langeland

## SMIL

Det kom inn mange søknadar om SMIL-støtte i år, og det er gledeleg å sjå at det er mange som har lyst til å gjere tiltak for miljø, kulturlandskap og friluftsliv i det vakre jordbrukslandskapet vårt.

Kommunen har så langt i år innvilga 954 989 kr i SMIL-tilskot, men det er framleis litt tilgjengelege midlar som det går an å søke på. Det har vore få

søknadar som går på biologisk mangfald, og kommunen oppmodar fleire om å søke om tilskot til tiltak som kan hjelpe den sterkt pressa naturen rundt oss. Det kan vere alt frå å etablere blomeengar for pollinatorar, ta vare viktige naturtypar knytt til kulturlandskapet (til dømes slåttemark, naturbeitemark eller hole eiker), eller å bekjempe invasive/svartelista artar som stadig brer seg utover kommunen.

Søknadar vil bli behandla fortløpande fram til november såframt det er tilgjengelege midlar. Etter november er neste søknadsfrist **1. mars 2025**. Søknadar vil då bli behandla og prioritert ut frå prioriteringar i den lokale SMIL-strategien.

Tiltak innan biologisk mangfald og forureining til vatn og luft vil bli prioritert. For meir informasjon om SMIL-ordninga og søknad, sjå [heimesidene til kommunen](#) eller ta kontakt med kommunen på e-post: [landbruk@vindafjord.kommune.no](mailto:landbruk@vindafjord.kommune.no).



Foto: Anne Karin Langeland

## DRENERING

Det har og vore mykje dreneringsaktivitet rundt om i kommunen så langt i år, og dreneringsmidlar har blitt delt ut fortløpande så lenge det har vore tilgjengelege midlar innanfor ordninga. Så langt i år har det blitt innvilga 1 261 669 kr i dreneringstilskot, noko som ser ut til å vere rekord!

I ei tid med stadig aukande nedbørsmengder er god drenering av jordbruksjord viktig for å kunne handtere all nedbøren,

redusere faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag, i tillegg til å oppretthalde/auke jordbruksproduksjonen. Ein kan få opptil 4000 kr i tilskot per dekar med systematisk grøfting, og opptil 61 kr i tilskot per løpemeter med usystematisk grøfting (inkludert avskjeringsgrøfter). Merk at ein ikkje kan få tilskot til både systematisk grøfting og avskjeringsgrøfting på same areal (makstilskot per dekar er 4000,- uansett grøftetype). Anten du eig, leiger, eller leiger ut jordbruksareal som tidlegare har blitt grøfta, så kan du søke om tilskot til drenering. Ein kan og få tilskot til drenering av planerte areal som ikkje tidlegare er grøfta.

Det er framleis litt tilgjengelege midlar innan ordninga, og søknadar om tilskot til drenering blir behandla fortløpande fram til november så lenge det er midlar tilgjengeleg.

Merk at det ikkje vil bli innvilga tilskot til allereie utført dreneringsarbeid, og at tilskot må vere innvilga før gravearbeid for å få utbetalt tilskot. Meir informasjon om tilskot til drenering finn ein på [heimesidene våre](#).

## VASSDRAG

Vindafjord har mange flotte små og store vassdrag i kommunen, men mange av dei er påverka av menneskeleg aktivitet gjennom utretting, forbygging, røyrlegging, forureining og avrenning av næringsstoff. For å oppfylle vassdirektivets krav om minst «god» miljøtilstand i alle vassdrag, har kommunen i dei siste åra hatt stort fokus på å kartlegge vassdrag og gjere tiltak for å betre både vasskvalitet og forholda for blant anna laksefisk.

Gjennom sjøaureprosjektet, finansiert av miljødirektoratet, har kommunen i samarbeid med Haugaland vassområde, Vindafjord jakt- og fiskelag, og engasjerte grunneigarar, betra forholda for fisk i fleire vassdrag i kommunen.

I 2025 blei gravearbeidet i restaureringsprosjektet i Børkjelandsbekken i Vikebygd fullført, og nå har ein berre planting av kantvegetasjon igjen før prosjektet er avslutta. Så langt har prosjektet vore svært vellukka, og vil føre til betre habitat og

miljø for fisk og anna akvatisk liv, auke flaumkapasiteten i vassdraget, samt betre naturmangfaldet gjennom planting av kantvegetasjon.

I år har og Vestbøelva blitt habitatkartlagd, og Rådgivende Biologer driv nå med flaummodelleringar. Det blir spanande å sjå resultatet av arbeidet og sjå kva tiltak som blir føreslått for å betre både forhold for fisk og vassføring.



Foto: Gaute Widerøe Hennig

Me ser at det er stort engasjement for å ta vare på vassdraga og fisken i kommunen, noko som er veldig positivt. Likevel har ein framleis ein del utfordringar med fysiske inngrep i og langs vassdrag, i tillegg til ein del avrenning av næringsstoff. Hugs at ein må ha løyve frå anten fylkeskommunen eller Statsforvaltaren til å gjere fysiske tiltak i og langs vassdrag (t.d. oppreinsking eller erosjonssikring). I tillegg er tiltak i kantsona langs vassdrag, som til dømes graving eller hogst, i hovudsak søknadspliktig etter vassressurslova § 11, og det må ved behov for tiltak gis løyve frå Statsforvaltaren. Er du i tvil, ta kontakt med kommunen, så finn me ut av om det er søknadspliktig eller ei!

Ein ser diverre at fleire vassdrag og fjordsystem i kommunen slit med dårleg vasskvalitet, og det er behov for auka innsats frå alle instansar for å ta vare på det viktige vatnet i kommunen vår. I fjor blei til dømes Landavatnet klassifisert med «svært dårleg» økologisk tilstand, medan Vatsvatnet blei nedgradert frå «moderat» til «dårleg» økologisk tilstand i vassovervakinga.

Den dårlege miljøtilstanden er grunna for mykje næringstilførsel, og ein stor del av dette kjem frå landbruksverksemd, samt ein del påverknad frå spreidd avløp. Kommunen har allereie fokus på oppfølging og oppgradering av avløpsanlegg i nedbørsfeltet, og mange bønder er bevisste på avrenning og har gjort tiltak som å ha ekstra kantsone mot vassdrag og spreie med stripespreiar. Dette er ordningar der ein kan få ekstra tilskot gjennom RMP, og sjølv om det allereie er mange som gjer desse tiltaka, ser me potensiale for at fleire kan implementere desse tiltaka i drifta.

Kommunen vil på det sterkaste oppmode fleire bønder til å gjere tiltak for å redusere avrenning frå dyrka mark. Forslag til aktuelle tiltak som det går an å få tilskot til er lista opp under:

- **Ugjødsla kantsone i eng**  
Mot vatn og vassdrag skal ein uansett ha minst to meter med vegetasjon, der det ikkje blir gjødsla, sprøyta eller pløgd. I tillegg kan ein få ekstra tilskot gjennom RMP-ordninga viss ein set av 4 meter i tillegg til dei obligatoriske to metrane, kor ein ikkje gjødsalar.
- **Nedlegging/nedfelling av gjødsel**  
Ved å nytte spreieutstyr som anten legg gjødsla direkte på bakken eller skyt den ned i jorda vil ein både kunne redusere næringsavrenning til vassdrag, men og redusere utslepp til luft. Det er og lettare å få ei meir presis og effektiv utnytting av gjødsla. Ein kan få tilskot for slik miljøvenleg gjødselspreiing gjennom RMP-ordninga.
- **Planting/etablering av kantvegetasjon**  
Kantvegetasjon i form av buskar og tre er svært viktig både for liv i vatn og på land. Eksisterande kantvegetasjon er beskytta gjennom vassressurslova, men fleire plassar er den manglande. Eit meir fullverdig og diverst

vegetasjonsbelte mot vassdrag vil både bidra til å redusere næringsavrenning, og vere positivt for biologisk mangfald, og ein kan få tilskot til å etablere/plante kantvegetasjon langs vassdrag gjennom SMIL-ordninga.

- **Fornye drenering**  
God drenering er viktig for å sørge for gode avlingar, men og for å sørge for at tilførte næringsstoff ikkje blir skylde vekk ved overflateavrenning, men blir tatt opp i jorda på veg ned i dreneringa. Ein kan få tilskot til drenering av allereie drenert areal og planert areal som ikkje er drenert endå gjennom ordninga «tilskot til drenering av jordbruksjord».
- **Etablering/oppreinsking av reinsepark**  
Reinseparkar kan vere med på å fange opp næringsstoff før dei når ut til vassdraga våre, men treng oppreinsking etter nokon år for å fungere optimalt. For at reinseparken skal fungere optimalt må den også vere utforma etter visse kriterium. Ein kan søke om SMIL-tilskot for å etablere ny eller reinske opp i allereie eksisterande reinsepark. Kommunen kan rettleia i prosessen med både etablering og reinsking av reinseparkar.

I tillegg til å gjere tiltak og nytte seg av tilskotsordningar som kan redusere avrenning, er det og viktig å halde fosforbruken i gjødslinga til eit minimum og gjødsle etter behov og når vêrforholda er gunstige.

Gjødsla er ein ressurs når den blir tatt i bruk riktig, men den er til skade for naturmiljøet viss det blir gjødsla feil eller for mykje. Kommunen har og sett at det er veldig mange hendingar med utilsikta lekkasjar/avrenning av gjødsel og silosaft til vassdrag. Mange av desse hendingane ser me er ei følge av svikt i gamle anlegg for gjødsel og silosaft, der det kunne ha vore unngått ved enkle utbetringar og regelmessig vedlikehald. I tillegg vil kommunen oppmode om at ein etablerer gode rutinar rundt gjødsling og gjødselhandtering, slik at det ikkje skjer utilsikta uhell og utslepp av gjødsel grunna uvørden handtering av gjødsel og utstyr.

### **NATURMANGFALD**

Både i samband med utforming av kommunedelplan for naturmangfald, men og i dagleg forvaltning av naturen rundt oss, er kommunen avhengig av god informasjon om kva naturverdiar som finst i kommunen. For å ta vare på naturverdiane rundt oss er det gull verdt med lokal naturkunnskap, og det er trass alt få som kjenner naturen betre enn bøndene som er ute i kommunens krikar og krokar kvar einaste dag!

Difor vil kommunen oppmode om å registrere naturverdiar, artsobservasjonar, o.l. i anten [Artsobservasjonar](#) eller vår [digitale innspelsløyseing](#). Har du t.d. observert ein sjeldan fugl, salamander eller interessant plante, eller veit om område med svartelista artar som t.d. parkslirekne eller kjempespringfrø? Då er det berre å få det registrert slik at me i forvaltninga kan få kunnskap om og gjere tiltak for å betre ta vare på den flotte Vindafjord-naturen!

Ta kontakt med rådgjevar for klima, miljø og landbruk ([gaute.hennig@vindafjord.kommune](mailto:gaute.hennig@vindafjord.kommune)) ved spørsmål eller ønske om hjelp til å registrere observasjonar.

## Prioriteringar for IBU-tilskot i Rogaland 2025 – Samandrag

### ◆ Generell status

- Per 20. januar 2025 er det søkt om meir tilskot enn det finst midlar til i Rogaland.
- Søknader blir framleis tekne imot, men det blir **strengje prioriteringar**.
- **Prioriterte prosjekt som ikkje får støtte i 2025**, blir sette på vent til 2026.
- **Prosjekt som har oppstart seint i 2025 eller i 2026**, får **lågare prioritet**.
- **NB!** Når det gjeld prioriteringar for 2026, er ikkje desse fastsette enno, så her kan det kome endringar. Dette skal takast opp som tema på partnerskapsmøtet 17. september, så først etter det vil Innovasjon Norge ha meir informasjon. Sidan Innovasjon Norge allereie har fleire søknader enn midlar for 2026, blir det nok ei diskusjon om nokre produksjonar skal utgå frå prioriteringane, eller om Innovasjon Norge eventuelt skal ha eit hovudfokus på dyrevelferd, miljø og unge bønder, uavhengig av dyreslag. Innovasjon Norge vil la sakene dei har fått inn ligge til 2026, så sant det ikkje kjem endringar i prioriteringane som gjer at vi allereie kan avslå nokre søknader.

### ◆ Hovudprioriteringar

Område	Prioritering	Merknad
Mjølkeproduksjon	Svært høg	Fokus på ombygging til lausdrift, maks 30 kyr.
Unge bønder	Høg	Prosjekt frå unge bønder blir prioriterte.
Distrikt utanom Jæren	Høg	Får noko høgare tilskot enn Jæren i snitt.
Generasjonsskifte	Middels–høg	Kan prioriterast ved god ressursutnytting.

### Mjølkeproduksjon

- **Ombygging frå båsfjøs til lausdrift** (inntil 30 kyr) er **særleg prioritert**.
- **Tilskotssatsar**: 30–45 % (snitt 38 %), maks **5 mill. kr per prosjekt**.
- Prosjekt med **overkapasitet** må forklare korleis dette skal nyttast.
- **Nybygg** vurderast på same måte som ombygging.
- **Gamle lausdriftsfjøs** som ikkje kan oppgraderast, kan frå 2025 støttast som nye.
- **Forprosjektmidlar** for kartlegging av lausdrift blir prioritert.

### Generasjonsskifte

- Heile garden blir vurdert samla.
- Kan prioriterast om prosjektet gir:
  - Auka utnytting av marginale beiteareal.
  - Betre økonomi og berekraft på garden.

### Storfekjøtt / Ammeku

- **Ombygging eller nybygg** hos etablerte produsentar har prioritet.
- **Nyetableringar** eller stor auke i produksjon **ikkje prioritert**, med mindre:
  - Marginale beiteareal blir teke i bruk.
  - Det er god ressursutnytting.

## Gjødsele- og fôrlager

- Følgjer **jordbruksavtalen**:
  - **Husdyrgjødsellager** må ha:
    - **Toppdekk**e eller
    - **Minst 10 månader lagerkapasitet**.
  - **Biorest/organisk gjødsele**: krav om toppdekk.
- **Fôrlager**:
  - Må bidra til redusert bruk av plast eller hindre silosaft-avrenning.
  - Same støttesatsar som gjødsellager.

## Dyrevelferd

- **Tiltak for dyrevelferd** blir sterkt prioriterte – uavhengig av dyreslag.
- **SPF-gris**:
  - Sats auka til **35 %**, maks **500 000 kr**.
  - Godkjend kostnad opp til **2 mill. kr**.
  - Støtte til smittesluse, ventilasjon, golv, utlasting, m.m.
- **Sauefjøs**:
  - Ombygging/nybygg støttast, men **godt beitegrunnlag** må dokumenterast.

## Fukt, grønnsaker og veksthus

- **Førstegongssøkjjarar** blir prioriterte framfor dei som har fått støtte før.
- **Små og mellomstore produsentar** har prioritet.
- **Store veksthus** har låg prioritet.
- **Leveringsavtale** krevst for fukt/grønt – kan fråvikast for småskalaprodusentar.
- **Energisparing** kan støttast, særleg viss investeringsrisiko er høg.
  - Sjekk også ordninga "**Fornybar energi i landbruket**".

## Tilleggsnæringar og lokalmat

- **Lokalmat og landbruksreiseliv**:
  - Blir prioriterte når garden sine ressursar er godt synleggjorde.
- **Inn på tunet**:
  - Størst vekst- og verdiskapingspotensial blir prioriterte.
  - Støtte både til **forprosjekt** og **investeringar**.

## Behandling av søknader

- **Ingen søknadsfristar i 2025/26** – saker handsamast fortløpande hos **Innovasjon Norge**.
- Søknader med lågare prioritet kan bli **utsett til seinare i året**, avhengig av tilgjengelege midlar


## Hovudbodskap

Fokuset i 2025/-26 ligg på å få mest mogleg ut av midlane gjennom målretta prioritering – særleg knytt til **lausdrift i mjølkeproduksjonen, dyrevelferd, ressursutnytting, og framtidssretta løysingar for unge bønder og distriktslandbruk**.

## Statistikk - Godkjent areal etter synfaring (2022–2025)


Vindafjord kommune har eit aktivt og engasjert jordbruksmiljø, med rundt 380 gardbrukarar som søker produksjonstilskot og til saman disponerer 822 grunneigedomar.

Nydyrking og etablering av innmarksbeite er fordelt over heile kommunen, noko som styrkjer både matproduksjon og kulturlandskap.



Kart over arealendringar i Vindafjord 2023-2025

- Fra Jordbruksareal
- Til Jordbruksareal
- Endringer innen jordbruksarealet
- Andre endringer




### Endringar i jordbruksareal (2022–2025)

Grafen viser utviklinga i godkjent nytt jordbruksareal, endringar innan eksisterande areal og areal som har gått ut frå jordbruksareal i Vindafjord kommune dei siste fire åra.

- **Grøn stolpar** viser nytt jordbruksareal som er godkjent.
- **Gule stolpar** viser endringar innan eksisterande jordbruksareal.
- **Raude stolpar** viser areal som har gått ut frå jordbruksareal.

Tala viser at det kvart år blir godkjent nye areal til jordbruk, samtidig som det skjer endringar innan jordbruksareal og noko areal går ut. Dette speglar ei levande og aktiv jordbruksnæring i kommunen.



### Godkjent areal etter synfaring (2022–2025)

Stolpediagrammet viser utviklinga i godkjent fulldyrka/overflatedyrka areal og innmarksbeite i Vindafjord kommune dei siste fire åra.

- Aktiviteten var høgast i 2023, med 360 daa godkjent innmarksbeite og 265 daa godkjent fulldyrka/overflatedyrka areal.
- Pr.01.09.2025 er det godkjent 180 daa innmarksbeite og 127 daa fulldyrka/overflatedyrka areal fordelt på rundt 30 grunneigedommar.

Dette viser at jordbruket i Vindafjord er prega av både tradisjon og utvikling, med fokus på å ta i bruk nye areal og styrke produksjonsgrunnlaget.

## Diverse kurs:



# Skog – ei gullgruve på rot!

Gratis fagdag i Vikedal

Bli med på Skogselskapet sin fagdag om korleis du kan henta mest mogeleg ut av skogen din!

**Stad: Vikedal Kro & Motell**

**Tidspunkt: Laurdag 27.9.25 kl. 10.00 – 16.00**

Fagdagen er sett saman av ein innedel før Skogselskapet spanderar lunsj. Ettermiddagen brukar me ute i skogen, der me ser på bestandar i ulike stadier, frå nyplanta til hogstmoden skog.

Fagansvarleg er **Per Helle**, instruktør frå Skogkurs.

**Påmelding innan onsdag 24.9.25 på e-post [rogaland@skogselskapet.no](mailto:rogaland@skogselskapet.no) eller tlf. 973 00 095**

## Aktuelle facebook-sider:

**Landbruket i Vindafjord** - Landbruksavdelinga har oppretta ei facebook-side der det blir posta med nyheiter, arrangement, søknadsfristar, oppdateringar og gladsaker. Oppmodar alle som er interessert i landbruk til å fylje denne.

**Vindafjord kommune** - Diverse informasjon frå Vindafjord kommune

**NIBIO Gårdskart og Kilden** - For dei som ynskjer tips om funksjonalitet og innhald, og ønsker å følge med på kva som er nytt i Gardskart.

**Statsforvaltaren og bonden i Rogaland** – Informasjon retta mot bøndene i Rogaland om tilskotsordningar, bruk av areal, næringsutvikling og anna nyttig informasjon.

## Tips til Nettsider:

### Landbruksdirektoratet.no

Landbruksdirektoratet si heimeside er ei nyttig ressurs for alle som driv med jordbruk.

📄 Tilskot og støtteordningar

Produksjonstilskot, miljøtilskot, drenering og meir.

📅 Fristar og søknadar

Viktige datoar og skjema for deg som driv gard.

☐ Start som bonde

Rettleiing for deg som vil etablere deg i næringa.

📖 Regelverk og fagstoff

Driveplikt, gjødsel, dyrevelferd og meir.

# Eining Areal- og forvaltning:

Namn	Hovudoppgåver
 <p><b>Thomas Vestbø</b> Tlf. 97 54 01 80 e-post: thomas.vestbo@vindafjord.kommune.no</p>	Einingsleiar
 <p><b>Morten Rørheim</b> Tlf. 90 88 42 57 e-post: morten.rorheim@vindafjord.kommune.no</p>	Innovasjon Norge
 <p><b>Gaute Widerøe Hennig</b> Tlf. 47 78 10 84 e-post: gaute.hennig@vindafjord.kommune.no</p>	SMIL/drenering/miljø
 <p><b>Sissel Lilleland</b> Tlf. 47 78 03 92 e-post: sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no</p>	Produksjonstilskot
 <p><b>Alf Ole Bull-Tornøe</b> Tlf. 47 69 78 68 / 41 61 56 09 e-post: alf.bull@vindafjord.kommune.no</p>	Konsesjon/deling/nydyrking
 <p><b>Anne Karin Langeland</b> Tlf. 47 69 86 67 e-post: anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no</p>	Oppdatering av gardskart
 <p><b>Gitte P. Halvorsen</b> Tlf. 47 69 89 66 e-post: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no</p>	Skog og viltforvaltning

**Utgjevar: Landbrukskontoret**  
**Redaktør: Sissel Lilleland**  
**Kommunen si heimeside:**  
[www.vindafjord.kommune.no](http://www.vindafjord.kommune.no)  
**Tlf. 53 65 65 65**



**VINDAFJORD KOMMUNE**  
**Eining Areal- og forvaltning**  
**Østbøvegen 2**

**5585 SANDEID**